

Møteprotokoll

KIKS - Styret

Møtestad: Sølvarden, Rysstad
Dato: 10.10.2014
Tid: 09:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Bjørgulv Sverdrup Lund	Leder	
Gro Anita Mykjåland	Nestleder	
Mari Mykland	Medlem	
Terje Damman	Medlem	
Torhild Brandsdal	Medlem (kom kl.10:00)	

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
Thore Westermoen		
Svein Arne Jerstad		

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Arne Tronsen	Dagleg leiar
Anne Liv Lidtveit	Juridisk rådgjevar
Stein Magne Schanke	Rådgjevar økonomi og krafthandel

Andre som møtte:

Namn	Funksjon
John G. Bergh	Leiar Porteføljeutvalet
Inge Hurv	Medlem Porteføljeutvalet
Aasmund Lauvdal	Medlem Porteføljeutvalet
Tallak Hoslemo	Medlem Porteføljeutvalet
Svein Skisland	Medlem porteføljeutvalet
Bent Sørensen	Controller
Olav Flateland	Revisor

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Ingen merknader til innkalling og sakliste

Valle, 16.10.2014

Anne Liv Lidtveit
Utvalssekretær

Godkjenning av møteprotokoll.

Saksnr	Innhold
PS 40/14	Godkjenning av møteprotokoll
PS 41/14	Referatsaker
RS 1/14	Referat frå møte 16. september 2014
RS 2/14	Referat frå møte 22. september 2014
RS 3/14	Referat frå møte 23.september 2014
RS 4/14	Rapport krafthandel per 1.10.2014
PS 42/14	Drøftingssaker
PS 43/14	Orienteringar
PS 44/14	Risikostrategi
PS 45/14	Status strategiplan
PS 46/14	Fordeling av kostnadar etter rettssak - prinsipiell avgjerd
PS 47/14	Tertialrapport pr 1/9 2014 og budsjettrevisjon 2014
PS 48/14	Økonomiplan 2015-2018-prinsipp avsetting reservekapital for deltakarane frå Vest-Agder

PS 40/14 Godkjenning av møteprotokoll

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 10.10.2014

Handsaming:

Møteprotokollen frå møtet 29. august 2014 blei signert.

PS 41/14 Referatsaker

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 10.10.2014

RS 1/14 Referat frå møte 16. september 2014

RS 2/14 Referat frå møte 22. september 2014

RS 3/14 Referat frå møte 23. september 2014

RS 4/14 Rapport krafthandel per 1.10.2014

RS 5/14 Nye konsesjonsvilkår i Skjerkavassdraget, brev til OED

PS 42/14 Drøftingssaker

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 10.10.2014

Handsaming:

Ingen drøftingssaker.

PS 43/14 Orienteringar

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 10.10.2014

Handsaming:

Ingen orienteringar.

PS 44/14 Risikostrategi

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 10.10.2014

Handsaming:

Controller orienterte om internkontrollen for 1. halvår 2014.

Dagleg leiar orienterte om risikostrategien til Vest-Agder, der vi har sikra meir på 2015 enn strategien tilseier, for å ivareta pårekelegheit.

PS 45/14 Status strategiplan

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 10.10.2014

Handsaming:

Ein jobbar nå i administrasjonen med å få på plass nødvendige uttakskontrakter. Framleis ein del arbeid som står att.

Strategiplanen skal reviderast etter kvart. På representantskapet i desember er det derfor naturleg å starte arbeidet med å la dei nye deltakarane frå Vest-Agder få betre innblikk i KIKS. Ein tenker seg ein type miniseminar, der ein får innspel frå eksterne samarbeidspartnarar om kor KIKS er, og kor dei ser for seg at KIKS er på veg.

Dagleg leiar viste til orienteringa om strategiplan på møte Iveland 29. august 2014, jf. orienteringsskriv som vart gjennomgått i dette møtet. I samsvar med dette og jf. utkast til

økonomiplan har dagleg leiar tilsett Stein Magne Schanke fast frå 1. januar 2015. Gro-Anita Mykjåland peikar på at ho ikkje hadde merka seg dette punktet i orienteringa til dagleg leiar på førre styremøte og at denne stillingsheimelen ikkje er formelt godkjent.

PS 46/14 Fordeling av kostnader etter rettssak - prinsipiell avgjerd

Dagleg leiar tilrår:

Når KIKS på vegne av ein eller fleire deltakarar er i rettssak skal selskapet dekke alle kostnadane med saka fram til dom. Dersom domsslutninga fører til ein økonomisk gevinst, skal gevinsten først dekke selskapet sine kostnader før restbeløp blir fordelt på dei deltakarane saka gjeld etter storleik

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 10.10.2014

Handsaming:

Tilrådinga blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Når KIKS på vegne av ein eller fleire deltakarar er i rettssak skal selskapet dekke alle kostnadane med saka fram til dom. Dersom domsslutninga fører til ein økonomisk gevinst, skal gevinsten først dekke selskapet sine kostnader før restbeløp blir fordelt på dei deltakarane saka gjeld etter storleik.

PS 47/14 Tertialrapport pr 1/9 2014 og budsjettrevisjon 2014

Dagleg leiar tilrår:

Tertialrekneskapen vert lagt fram for handsaming.

Budsjett 2014 vert endra slik:

Samla utgiftsauke på 1.550.000 vert dekt slik:

Ekstrainntekter 850.000

Fordring deltakarane frå Vest-Agder kr 700.000 mot avrekning i rekneskapen 2015.

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 10.10.2014

Handsaming:

Revisor orienterte om tertialrapporten. Ingen vesentlege avvik, jf. e-post datert 3. oktober 2014.

Dagleg leiar orienterte om budsjettrevisjon 2015, inkludert tilsetting av Stein Magne Schanke som rådgjevar økonomi og krafthandel.

Tilrådinga blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Tertialrekneskapen vert lagt fram for handsaming.

Budsjett 2014 vert endra slik:

Samla utgiftsauke på 1.550.000 vert dekt slik:

Ekstrainntekter 850.000

Fordring deltakarane frå Vest-Agder kr 700.000 mot avrekning i rekneskapen 2015.

PS 48/14 Økonomiplan 2015-2018-prinsipp avsetting reservekapital for deltakarane frå Vest-Agder

Dagleg leiar tilrår:

Styret går inn for å bygge opp ein reservekapital på 50 % av gjennomsnittleg netto inntekt over ein løpande 3-års periode.

Den årlege avsettinga bør liggje på om lag 5% av budsjettert nettoinntekt.

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 10.10.2014

Handsaming:

Dagleg leiar orienterte.

Tilrådinga blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Styret går inn for å bygge opp ein reservekapital på 50 % av gjennomsnittleg netto inntekt over ein løpande 3-års periode.

Den årlege avsettinga bør liggje på om lag 5% av budsjettert nettoinntekt.